Bømlo kommune

Saksmappe: 2021/4619 - 30493/2026
Saksbehandlar: Rakel Friis
Dato: 19.10.2026

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
35/26	Utval for areal og samferdsel	14.10.2026
67/26	Kommunestyret	02.11.2026

Vedtak - Detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune vedtek med heimel i plan – og bygningslova §12-12 detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 med følgjande endringar:

- Ny føresegn: *Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli.*
- Tillegg tekst i føresegn 5.1.2: *Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.*
- Ny tekst for føresegn 3.1.7: *Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.*

  Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.

  Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.

  Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.

- Nytt rekkjefølgjekrav: *Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.*

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 14.10.2026

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune vedtek med heimel i plan – og bygningslova §12-12 detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 med følgjande endringar:

- Ny føresegn: *Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli.*
- Tillegg tekst i føresegn 5.1.2: *Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.*
- Ny tekst for føresegn 3.1.7: *Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.*

Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.

Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.

Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.

- Nytt rekkjefølgjekrav: *Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.*

For forslaget stemte 8: Åge Bernhard Grutle (AP), Steinar Steinsund (Frp), Christer Agasøster (H), Signe Lund Jansen (H), Sonja Hellen Sele (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Randi Karin Habbestad (Sp), Janne Pedrikke Hamre (ViPartiet).
Dermed ble innstillingen vedtatt.

Innstilling:

Utval for areal og samferdsel innstiller slik ovanfor kommunestyret:

Bømlo kommune vedtek med heimel i plan – og bygningslova §12-12 detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 med følgjande endringar:

- Ny føresegn: *Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli.*
- Tillegg tekst i føresegn 5.1.2: *Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.*
- Ny tekst for føresegn 3.1.7: *Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.*

Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.

Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.

Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.

- Nytt rekkjefølgjekrav: *Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.*

Saksprotokoll i Kommunestyret - 02.11.2026

Utval for areal og samferdsel 14.10.2026
Innstilling:

Utval for areal og samferdsel innstiller slik ovanfor kommunestyret:

Bømlo kommune vedtek med heimel i plan – og bygningslova §12-12 detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 med følgjande endringar:

- Ny føresegn: Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli.

- Tillegg tekst i føresegn 5.1.2: Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.

- Ny tekst for føresegn 3.1.7: Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.

Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.
Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.
Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.

- Nytt rekkjefølgjekrav: Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.

Karsten Fylkesnes (Kristelig Folkeparti) fremmet følgende endringsforslag:

Følgjande kulepunkt vert sletta:

- Ny føresegn: *Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli.*

For forslaget stemte 23: Hans Otto Nordtun Robberstad (AP), Hein Råby Schaug (AP), Bente Spissøy (DNI), Anne T. Johannessen (Frp), Elisabeth Urangsæter (Frp), Frode Urangsæter (Frp), Georg Lønning (Frp), Christer Agasøster (H), Jørgen Søvold (H), Ragnfrid Sønstabø (H), Signe Lund Jansen (H), Sonja Hellen Sele (H), Heidi Grindheim (K), Birgit Sønstabø Esperø (KrF), Karsten Fylkesnes (KrF), Marita Ådnanes (KrF), Morten Helland (KrF), Sigrid Ådnanes Tolås (KrF), Bjørn Asle Teige (Sp), Randi Karin Habbestad (Sp), Hans Eidesvik (ViPartiet), Jan Atle Haugland (ViPartiet), Joar Nesse (ViPartiet).
Imot forslaget stemte 4: Mari Pedersen Totland (AP), Tove Lise Andreassen Aasheim (AP), Lena Olsen (H), Unni Seim (SV).
Dermed ble endringsforslag vedtatt.

Morten Helland (Kristelig Folkeparti) fremmet følgende forslag:

Innstillinga vert vedteke med vedtekne endringar.

For forslaget stemte 27: Hans Otto Nordtun Robberstad (AP), Hein Råby Schaug (AP), Mari Pedersen Totland (AP), Tove Lise Andreassen Aasheim (AP), Bente Spissøy (DNI), Anne T. Johannessen (Frp), Elisabeth Urangsæter (Frp), Frode Urangsæter (Frp), Georg Lønning (Frp), Christer Agasøster (H), Jørgen Søvold (H), Lena Olsen (H), Ragnfrid Sønstabø (H), Signe Lund Jansen (H), Sonja Hellen Sele (H), Heidi Grindheim (K), Birgit Sønstabø Esperø (KrF), Karsten Fylkesnes (KrF), Marita Ådnanes (KrF), Morten Helland (KrF), Sigrid Ådnanes Tolås (KrF), Bjørn Asle Teige (Sp), Randi Karin Habbestad (Sp), Unni Seim (SV), Hans Eidesvik (ViPartiet), Jan Atle Haugland (ViPartiet), Joar Nesse (ViPartiet).
Dermed ble forslaget vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

Bømlo kommune vedtek med heimel i plan – og bygningslova §12-12 detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 med følgjande endringar:

- Tillegg tekst i føresegn 5.1.2: Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.

- Ny tekst for føresegn 3.1.7: Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.

Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.
Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.
Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.

- Nytt rekkjefølgjekrav: Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.

Samandrag av saka:

Detaljregulering for Pøyla naustområde 110/329 m.fl., Alvsvåg, PlanID 201705 legg til rette for etablering av inntil 13 naust med tilhøyrande flytebrygger, trafikkareal og parkering. Planarbeidet vart starta opp i 2017 og har vore gjennom ein lang planprosess med offentleg ettersyn, motsegn frå Statsforvaltaren, mekling og seinare revisjon av planforslaget. Statsforvaltaren vurderte i 2025 at det reviderte planforslaget var i samsvar med meklingsresultatet frå 2021. Etter politisk behandling vart saka sendt på avgrensa høyring i 2026.

I den avgrensa høyringa kom det inn fem merknader. Som oppfølging er planforslaget oppdatert med nye vurderingar knytt til områdestabilitet og marint naturmangfald, og føresegn § 3.1.7 om etablering av brygge/kai er revidert. Kartlegging utført av Biota Naturkompetanse AS avdekte ikkje naturtypar eller artar av særleg forvaltningsinteresse innanfor planområdet i sjø. Kommunedirektøren vurderer det som positivt at kunnskapsgrunnlaget er styrkt gjennom nye faglege utgreiingar.

Sjølv om planforslaget no framstår som meir komplett enn tidlegare, vurderer kommunedirektøren at det framleis ligg føre fleire planfaglege utfordringar knytt til den valde utbyggingsløysinga. Desse forholda er

nærare omtala i saksframlegget og bør inngå i grunnlaget for den politiske vurderinga av om planen skal vedtakast.

Bakgrunn for saka:

Oppstartsmøte for planarbeidet vart halde 27. april 2017, og Utval for Areal og Samferdsle vedtok oppstart i møte 7. juni same år. Oppstartsmelding vart kunngjort i Bømlo-nytt 5. juli 2017, medan varslingsbrev vart sendt til berørte partar, offentlege myndigheiter og relevante organisasjonar 19. juni. Høyringsfristen vart sett til seks veker, men blei forlenga grunna sommarferien. Endeleg frist vart fastsett til 14. august 2017.

Planforslaget vart deretter 1. gongsbehandla av politisk utval den 06.06.2018 og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. I denne perioden kom det motsegn frå Fylkesmannen i Vestland (no Statsforvaltaren) i brev datert 11. oktober 2018, etter dialogmøte med Bømlo kommune. Motsegna var grunna statlege føringar for forvaltning av strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Det vart sendt inn forslag til revisjon av planen, og Fylkesmannen vart bedt om å trekkje motsegna. I brev datert 4. mai 2019 og 8. juni 2020 oppretthaldt Fylkesmannen motsegna med same grunnlag. Mekling vart gjennomført 30. september 2021.

I 2025 vart nytt planforslag sendt til kommunen som grunnlag for ny dialog med Statsforvaltaren. Etter gjennomgang av endringane og det reviderte planforslaget konkluderte Statsforvaltaren i brev datert 22. april 2025 med at det reviderte planforslaget er i samsvar med meklingsresultatet, jf. brev av 8. desember 2021.

Etter dette blei det skreve ei politisk sak til utval for areal og samferdsel, der kommunedirektøren anbefalte å sende planforslaget tilbake til planleggar for ytterlegare utbetringar og bearbeiding. Utval for areal og samferdsel gjekk for det alternative vedtaket til kommunedirektøren om å sende saka på ei avgrensa høyring. Grunna store endringar etter at planforslaget var på høyring og offentleg ettersyn måtte saka uansett på ei avgrensa høyring før eit eventuelt vedtak av planen.

Saksutgreiing:

Planforslaget

Planforslaget Forslag til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg PlanID 201705 er motteke frå ABO Plan & Arkitektur AS på vegne av forslagsstillar Lars Mæland.

Planforslaget som skal behandlast består av


- Plankart, datert 01.10.25
- Føresegner, datert 22.06.26
- Planomtale, datert 18.09.26

Føremålet med reguleringa

Føremålet med planen er å planleggja for bygging av inntil 13 nye naust. I planområdet er det i dag berre flytebrygger, og området har vore brukt til båtplassar. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkeringsplassar og flytebrygger i sjø. Område har tilkomst frå kommunalveg Alvsvågvegen, som igjen er kopla på fv. 5012 Giljevegen.

Forhold til overordna plan


I kommuneplanen er areala sett av til naust, spreidd bustadbygging, LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Området er ikkje tidlegare regulert og grensar ikkje til andre reguleringsplanar.



Figur 1 - Utsnitt frå kommunekart

Innholdet i planen

Planområdet ligg langs Alvsvågvegen i sjøområdet inst i Alvsvågen kalla Pøylo. Planområdet utgjer ca. 7 daa inkludert sjøareal og omfattar eigedomane gnr 110, bnr 7, 94, 170, 225, 247 256 og 329. I tillegg kjem tilførselsveg med tilhøyrande siktsoner, på delar av gnr110/296, kommunal veg, Alvsvågvegen, eigd av Bømlo kommune.



Figur 2 - Utsnitt frå planforslaget slik det no ligg føre

Byggjeplanane

Naust, småbåtanlegg og småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone

Planforslaget opnar for oppføring av 13 naust innanfor områda BUN 1–6. Bygningane skal utformast i tråd med retningslinjene for naust i kommuneplanen: inntil 40 m² BRA, mønehøgd maks 5 m, takvinkel 40–45°, og høve til våtrom på inntil 4 m².

Det kan etablerast brygge/kai som fundament for nye naust innanfor området. Bryggefront skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vere av same utforming/ materiale innanfor same naustdelområde. Brygge/kai skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold og tydleg fjell i dagen kan kai/brygge etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. I område med lausmassar under 60 cm djupne skal lausmassar fjernast, og over 60 cm skal tiltaka plasserast på pelar fundamentert i fjell. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget.

Området BSB 1-6 kan nyttast til båtfeste og flytebrygger for småbåtar. Innafor føremålet BSB 1-2 og 4-6 er kan det etablerast 1 felles flytebrygge for tilhøyrande naust. Innanfor føremålet BSB 3 kan det etablerast 2

flytebrygger. Flytebryggja skal ha maks storleik på inntil 15 m² der maks breidde skal vera 2,5 m pluss landgang. Tiltaka skal ikkje hindre fri sjøverts ferdsel. Innanfor SMS kan det etablerast båtopptrekk.

Veg, trafikk og parkering

Tilkomsten til planområde skjer via Alvsvågvegen. Alvsvågvegen er ein kommunal veg med fast dekke, fartsgrense 50 km/t og etablert fartsdemping. Det er ikkje gang-/sykkelveg.

På andre sida av Alvsvågvegen er det regulert inn felles parkeringsareal med minst 13 plassar, éin per naust i tråd med Vegvesenet sine standardmål (2,5 x 5 meter). Parkeringsplassen skal også kunne nyttast til sykkelparkering for brukarar av badeplassen ved Alvsvågsvatnet.

Grøntstruktur

Området bak nausta er regulert til blågrønnstruktur, det blir òg lagt inn grøne korridorar frå vegen ned til sjøen i nord og sør. Det kan ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde. Områda skal vere ålment tilgjengelege. Det kan godkjennast enkle trapper og konstruksjonar i områda for å gje tilkomst til naust og/eller båtplassar. Trappene skal vere reversible tiltak. Ein mellombels anleggsveg vert tillate i byggefasen, og skal etterpå opparbeidast som turveg. Det er også tillate å legge tekniske grøfter i området.

<u>Merknader til avgrensa høyring</u>

Planforslaget har vore på avgrensa høyring. Det kom inn fem merknader til den avgrensa høyringa, desse følgjer saka som vedlegg. Høyringsfristen var sett til 02.03.2026 (4 veker). Under er samandrag av merknadane med kommentar:

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Karmsund Havn IKS 02.03.2026	Vi anbefaler at det blir tatt inn i planbestemmelsene krav om etablering av redningsstige ved småbåtanlegget. Vi noterer at det er tatt inn i planbestemmelsene at tiltak som havner inn under havne- og farvannslovens bestemmelser skal godkjennes av havnemyndighet, og minner om at alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i farvannet krever særskilt tillatelse etter lov om havner og farvann av 21. juni 2019 § 14.	Teke til følgje. Vi kan supplere føresegna med krav om etablering av redningsstige ved småbåtanlegga.
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) 13.03.2026	**NVE si generelle tilbakemelding:** Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.	Teke til orientering.
Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) 02.03.2026	Statsforvaltaren har tidelegare hatt motsegn til planen, denne motsegna er trekt. Vi har ikkje avgjerande merknader til framlegget no.	Teke til orientering.
Vestland fylkeskommune, næring, plan og innovasjon (VLFK) 02.03.2026	Vi viser til vår uttale 29.08.2018, der fylkeskommunen særleg peikte på omsyna til strandsoneverdiar og allmenta sin tilgang. Fylkeskommunen har i sin medverknad vore opptatt av graden av nedbygging av strandsona. Til førre høyring hadde kommunen redusert tal naust frå 15 til 13 etter innspel til oppstart. I dette planframlegget er talet naust og flytebrygger ikkje endra, men tilrettelegging for nedbygging av areal på land og i sjø redusert. Statsforvaltaren har hatt motsegn til planen, og trekte si motsegn 22.04.2025 basert på plankart og føresegner datert 11.03.2025. Konklusjon: Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget slik det ligg føre.	Teke til orientering.

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Kåre Mæland 09.02.2026	Jeg har lest dokumentene, og reagerer på to forhold som jeg mener er oversett i saksframstillinga: Hensynet til avløpsbekken fra Alvsvågvatnet er ikke nevnt. Bekken går i grøft under veien, men er fylt igjen med stein og oppgang av fisk er blokkert. Jeg vokste opp på andre sida av pøyla og så sjøørretvak da, og vi fikk ørret både på snøre og i garn og ål både i ruser og hummerteiner. Dette selv om verken utløpsbekken eller innløpsbekker til vatnet kan være noe særlig egnet som gytebekker. Det burde likevel være et krav om å rydde opp bekken når området nå reguleres. Det andre momentet som jeg synes det er tatt lett på er bunn-forholdene. Det er bløt bunn, men de grunneste områdene, bl.a. bunnen i reguleringsområdet og videre innover i pøyla var dekket med ålegras. Både sjøørreten og ålen er truede arter.	Teke til orientering. Tiltakshavar opplyser om at steinane /fyllinga som ligg nord i planområdet kjem frå kommunen si opp-gradering av Alvsvågvegen nord for planområdet («Storesvingen»). Etter at Alvsvåg-vegen vart etablert har det ikkje vore ope bekk frå vatnet til sjøen. I følgje tiltakshavar har det aldri vore oppgang av sjøaure til vatnet. Det er stadeigen aure i vatnet. I dag ligg det ei stikkrenne under vegen, og føresegnene sikrar at det skal takast omsyn til denne ved ny utbygging. Grunna etablerte tiltak i området vil det ikkje vera naturleg å gjennomføre restaurering og etablere ope bekk mellom vatnet og sjøen, då dette vil medføre store inngrep i strandsona til sjø og vatnet, samt Alvsvågvegen. Tiltakshavar har budd i området ved Alvsvåg sidan barndomen, kan ikkje huske at det har vore, eller ser at det no er, ålegras der naustområdet er planlagd. Som vist i planomtalen ang. grunnforhold i sjø er det lite lausmassar på botn utanfor naustområdet. På dronefoto er det tydeleg grunt og tang nærmast land. Naturgrunnlaget for ålegras i planområdet er difor avgrensa, ettersom ålegras veks i fin grus, sand eller mudder. Biota Naturkompetanse si kartlegging i og ved planområdet i sept. 2026 avdekka ingen ålegras eller ålegraseng.

Endringar etter avgrensa høyring i 2026

Etter den avgrensa høyringa er føresegn § 3.1.7 revidert, føresegna gir føringar for korleis brygge/kai kan etablerast i sjø. I tillegg er planomtalen oppdatert i kapittel 7.2.3 (naustføremålet), 7.8 (verknader for naturmangfald), 7.12 (ROS-analyse og områdestabilitet) og 8.2 (fråvik frå KPA).

Det er gjennomført supplerande feltarbeid for å dokumentere forhold knytte til naturmangfald og områdestabilitet innanfor planområdet. Som grunnlag for vurderinga av områdestabilitet har det vore dialog med fagkyndig geolog frå Head Energy AS. Når det gjeld naturmangfald, er det utarbeidd ein eigen fagrapport av Biota.

Vurderingar:

Vurderinga av planforslaget er gjort punktvis, basert på saksutgreiinga.

Vurdering av planlagt utbygging

Planområde følgjer Alvsvågvegen på austsida, og skrår bratt ned mot sjø. For å realisere den planlagde utbygging vil det vere behov for utfylling i sjø eller anna form for terrengtilpassing. Som nemnd i saksutgreiinga er føresegn § 3.1.7 justert for å prøve å redusere terrenginngrepa i forbindelse med etablering av brygge/kai. Føresegna seier følgjande:

> *Det kan etablerast brygge/kai som fundament for nye naust innanfor området. Brygge front skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vere av same utforming/ materiale innanfor same naustdelområde. Brygge/kai skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold og tydeleg fjell i dagen kan kai/brygge etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. I område med lausmassar under 60 cm djupne skal lausmassar fjernast, og over 60 cm skal tiltaka plasserast på pelar fundamentert i fjell. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget.*

Kommunedirektøren meiner føresegna er noko vanskeleg å tolke, og vurderer at føresegna kan skape tolkingstvil i samband med framtidig byggesaksbehandling. Kommunedirektøren stiller vidare spørsmål ved

om kravet om at brygge- og kaianlegg skal etablerast utan vesentlege og irreversible terrenginngrep er tilstrekkeleg presist.

Innanfor planområdet skrår terrenget gradvis ned mot sjøen, og etablering av naust med tilhøyrande brygge eller kai vil i dei fleste tilfelle krevje permanente terrenginngrep i form av murar, fyllingar, fundamentering eller peling. Kommunedirektøren vurderer difor at det kan oppstå ein motstrid mellom kravet om å unngå vesentlege og irreversible terrenginngrep og dei tiltaka som planen elles legg opp til.

Etablering av naust med tilhøyrande brygge- og kaianlegg vil i praksis innebere permanente tiltak og terrengendringar som i ein viss grad må reknast som irreversible

Kommunedirektøren foreslår difor å endre føresegna til følgjande:

> *Det kan etablerast brygge eller kai som fundament for naust. Bryggefront skal utførast i naturstein eller vere kledd med treverk. Innanfor kvart naustdelområde skal materialbruk og utforming vere einsarta.*
>
> *Tiltak skal prosjekterast og etablerast slik at omfanget av terrenginngrep vert minst mogleg.*
>
> *Der sjøbotnen består av grunt fjell eller fjell i dagen, kan kai eller brygge etablerast på fylling mot mur. Der lausmasselaget overstig 60 cm, skal konstruksjonen fundamenterast på pelar til fjell.*
>
> *Utfylling i sjø framfor kaianlegga er ikkje tillate.*

<u>Arealføremåla</u>
Planforslaget inneber at flytebrygger delvis blir plassert i område som i kommuneplanen er sett av til føremålet FFNF (fiske, ferdsel, natur og friluftsliv). Det er ikkje i tråd med gjeldande arealføremål, då FFNF skal sikre allmenne interesser og naturmiljø, og ikkje nyttast til etablering av private konstruksjonar som flytebrygger. Situasjonen er særleg uheldig fordi arealet i sjø, som i utgangspunktet skulle ivareta flytebrygger, no blir nytta til utfylling for å leggje til rette for naustbygging, i staden for å opprethalde føremålet. Ei slik løysing bryt med intensjonen bak arealføremålet. Planforslaget strider også framleis mot kommuneplanens føresegn 4.4.1 som seier at naust og kai ikkje kan byggast lengre ut enn 3 meter frå kystkonturen.

Kommunedirektøren vurderer at manglande samsvar mellom planforslaget og kommuneplanen sine arealføremål og føresegner er uheldig, då dette kan svekkje den heilskaplege arealforvaltninga og føreseielegheita.

<u>Vurdering av område i sjø</u>
I samband med den avgrensa høyringa kom det inn merknad om mogleg førekomst av ålegraseng (undervasseng) i Pøyla. På bakgrunn av dette gjennomførte Biota Naturkompetanse AS ei kartlegging av botnforholda og artssamfunna i området. Undersøkinga hadde særleg fokus på undervassenger og andre naturtypar og artar av forvaltningsinteresse. Det vart ikkje registrert naturtypar eller artar av forvaltningsinteresse i samband med kartlegginga. Kommunedirektøren vurderer dette som positivt for den vidare utviklinga av naustområdet, då undersøkingane ikkje har avdekt naturverdiar som tilseier særskilde omsyn utover dei som elles følgjer av planforslaget.

Vurdering av blågrønnstruktur

Planforslaget opnar for etablering av ein mellombels anleggsveg innanfor blågrønnstrukturen, som seinare skal omdisponerast til tursti for ålmenta. I tillegg legg føresegnene til rette for etablering av tekniske anlegg, trapper og konstruksjonar for å sikre tilkomst til naustområdet. Dette inneber at den planlagde blågrønnstrukturen i stor grad vil bli redusert når utbygginga er ferdigstilt, og at området i praksis vil få ein meir teknisk og tilkomstorientert karakter enn det som normalt er føremålet med blågrønnstruktur. Vidare er det ikkje gitt nærare føringar i føresegnene om storleik, plassering eller utforming av den mellombelse anleggsvegen/turstien, noko som skaper uvisse knytt til om løysinga vil vere i tråd med intensjonen om å bevare naturpreg og sikre gode allmenne friluftsinteresser.

Slike områder skal i utgangspunktet framstå som opne, grøne og minst mogleg prega av inngrep. Kommunedirektøren vurderer at dei samla tiltaka som vert opna for innanfor blågrønstrukturen i stor grad vil redusere det naturprega uttrykket i området. Vidare gjer manglande føringar for omfang, plassering og utforming av tiltaka det utfordrande å vurdere dei faktiske konsekvensane. Kommunedirektøren meiner ein bør ha ei tydleg føresegn som sikrar dette, og foreslår difor å legge til følgjande i føresegn 5.1.2:

> *Før det vert gjeve ferdigattest for tiltak, skal den mellombelse anleggsvegen tilbakeførast til turveg for ålmenta. Turvegen kan ha ei maksimal breidde på 1,5 meter. Tilgrensande areal som vert råka av anleggsarbeidet skal revegeterast. Det kan gjevast midlertidig bruksløyve for naust fram til tilbakestillinga er gjennomført.*

Vurdering av parkering

Planforslaget legg opp til at parkering skal etablerast på motsett side av naustområdet, langs ein veg som allereie har kjende utfordringar knytt til trafikktryggleik. Dette inneber at brukarar av nausta må krysse vegen for å kome til området, noko som aukar risikoen for uønskte trafikale situasjonar, særleg i periodar med høg aktivitet. Område framstår derimot som oversiktleg med tanke på siktlinjer, som er positivt. Vidare er den planlagde parkeringsplassen lokalisert i nær tilknyting til ein eksisterande badeplass, som i dag framstår som skjerma og har ein kvalitativt god opplevingsverdi. Etablering av parkering på denne staden vil kunne påverke korleis badeplassen blir opplevd, både visuelt og funksjonelt, og kan redusere kvaliteten på friluftsopplevinga for ålmenta.

I tillegg er parkeringa planlagt på eit område avsett til LNF-spreidd bustadbygging. Etablering av parkering til eit naustområde er ikkje ein form for bruk som arealføremålet opnar opp for. Det er derimot svært viktig at denne typen areal bevarast og blir heldt urørt i så stor grad som mogleg. Det gjeld særleg for dette område gitt verdien som ligg her for ålmenta i form av blant anna badeplass og generell tilgang til sjø.

Vurdering av behov for massehandteringsplan

Det er ikkje utarbeidd ein massehandteringsplan for planområdet. Med tanke på at planforslaget legg opp til utfylling i sjø for å realisere naustbygging, er det avgjerande å ha ein plan som viser korleis nødvendige massar skal skaffast og handterast. Ein slik plan bør dokumentere både tilgjengelege massar, transportløysingar og eventuelle miljømessige konsekvensar av uttak og flytting av massar. Manglande massebalanseplan skaper uvisse knytt til gjennomførbarheit, kostnader og miljøpåverknad, og kan medføre risiko for uheldige inngrep i naturmiljøet dersom massar må hentast frå eksterne kjelder utan tilstrekkeleg vurdering. For å sikre ei berekraftig og forsvarleg utbygging bør massebalanseplan utarbeidast før vidare handsaming av planforslaget. Kommunedirektøren meiner det er uheldig at det ikkje ligg føre ein

massebalanseplan, og foreslår å legge inn ei ny føresegn som sikrar at det i samband med byggemelding må ligge føre ein heilskapleg vurdering av massebalanse for område. Forslag til rekkjefølgjekrav:

> *Før det kan gjevast igangsetjingsløyve, skal det liggje føre ein massebalanseplan som viser mengde overskots- og underskotsmassar, samt korleis massane skal handterast og disponerast.*

Vurdering av infrastruktur

Den planlagde utbygginga ligg i eit område med kort avstand mellom sjø og veg. Den vil difor legga avgrensande premiss for framtidige tiltak for utbetring av Alvsvågvegen. Det er særleg viktig at desse moglegheitene blir ivaretatt i den innleiande delen av vegen, då det ligg heilt i starten av Alvsvågvegen der trafikkbelastninga er størst. Merknadane frå folkehelsekoordinator/barnas representant og Alvsvåg gardslag i forbindelse med høyring og offentleg ettersyn understrekar også behov for å ivareta mjuke trafikkantar langs Alvsvågvegen. Kommunedirektøren meiner dette er uheldig, særleg utan at det ligg føre ein overordna trafikkanalyse som syner om trafikktryggingstiltak burde vore gjennomført. Saka tas likevel opp til sluttbehandling basert på politisk ønske.

I merknaden frå Folkehelsekoordinator/barnas representant står også det at det er positivt at det vert lagt opp til sykkelparkering ved Alvsvågsvatnet, kommunedirektøren gjer merksam på at dette er ikkje sikra i planføresegnene. Med bakgrunn i området sin attraktivitet som badeplass og rekreasjonsområde vurderer kommunedirektøren at sykkelparkering bør sikrast i planen. Utvalet bør difor vurdere om dette skal innarbeidast i føresegnene før endeleg vedtak.

Vurdering av endringane etter den avgrensa høyringa:

Kommunedirektøren ser det som positivt at planforslaget no er supplert med nærare vurderingar av både områdestabilitet og marint naturmangfald. Desse utgreiingane bidreg til eit betre kunnskapsgrunnlag for behandlinga av planen, og har gjort det mogleg å vurdere konsekvensane av tiltaket på ein meir fagleg og heilskapleg måte.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Utbyggingskostnadar vert dekka av utbyggjar, og realisering av planen vil ikkje ha direkte økonomisk konsekvens for Bømlo kommune.

Miljømessige konsekvensar:

Naturmangfald

Innanfor planområdet finst det ingen kjente funn av trua artar eller naturtypar. Det er registrert ein marin naturtype sør for planområdet i 2009, Langøya (bløtbunnsområder i strandsona). Dette er ein større registrering i sjøområda i ytre del av Alvsvågen. På land er det ein naturtype i aust, Meland (Rik kulturlandskapssjø) og ein i nord, Hopatjørn (Strandeng og strandsump). I Pøylo er det registrert observasjonar av artane: tjeld som er kategorisert som Nær trua i rødlista, lomvi som er kritisk trua i

rødlista, makrellterne som er sterkt trua i rødlista, samt fiskemåke, gråmåke og ærfugl som er sårbar i rødlista.

Kommunedirektøren anbefaler å legge inn ei føresegn som seier følgjande:

> *Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring og pigging bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli. Dette bør sikrast i føresegnene til planen før kunngjering av vedtak.*

Kulturminne

Innanfor planområdet er det ingen kjente registrerte kulturminne. Næraste kulturminne er eit gamalt båtnaust omlag 100 m aust for den nordre delen av planområdet, på andre sida av Pøyla, og kapellet på Fagervoll gravplass, omlag 120 m frå den sørlegaste delen. 10 Dei nærmaste freda kulturminna er 4 gravrøyser på Alvsvågsneset frå bronsealder/jernalder, Allsvåg – Fetts fk 1/1 og 1/2, samt Allsvåg – Fetts fk 2/1 og 2/2 med ID 35699-1, 72827-1, 66713-1 og 16082-1. Avstanden til planområdet er ca. 1.500 m. I motsett retning, nordover, ligg Barmahaugane busetnings- /aktivitetsområde frå steinalderen, ID 160335-1, ca. 1.700 m nordvest for utbyggingsområdet.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Fagkunnig har gjennomført ROS-analyse. Det er ingen tiltak i raudt felt, dvs. ingen tiltak er naudsynt. ROS analysen er likevel ikkje oppdatert etter høyring og offentleg ettersyn. Tema som kvikkleire, ekstremvær, beredskap osv. er ikkje teke med i ROS-analysen, men planomtalen tar for seg tema: naturgitte forhold.

Folkehelse:

Utbygging av naust vil gi fleire moglegheiter for brukarane, noko som har ein positiv effekt på folkehelsa deira. Samstundes vil utbygging verke privatiserande.

Gjennom føresegnene i planen vil det bli lagt til rette for fri ferdsel i området, og det vil ikkje vere tillate å setje opp stengsler som hindrar tilkomst. Den mellombelse anleggsvegen skal etter endt anleggsperiode etablerast som tursti.

Alvsvågsvatnet, som ligg like ovanfor planområdet, er ein populær badeplass for born og ungdom i nærområdet om sommaren. Viser til vurderingar gjort lengre oppe i saksframlegget.

Konklusjon:

Sjølv om planforslaget no framstår som meir komplett ved at forhold knytte til områdestabilitet og naturmangfald er nærare dokumenterte og vurderte, ser kommunedirektøren framleis utfordringar knytt til den valde utbyggingsløysinga. Kommunedirektøren har forståing for at slike faglege innvendingar kan opplevast krevjande etter ein lang planprosess med fleire revisjonar og tilleggsutgreiingar. Samstundes meiner kommunedirektøren at dei utfordringane som er peika på, er av ein slik karakter at dei må synleggjerast og vurderast som del av det politiske avgjerdsgrunnlaget. Desse forholda er difor omtala i saksframlegget for å sikre eit best mogleg grunnlag for den politiske behandling av saka. Kommunedirektøren vurderer at enkelte forhold kunne vore løyste eller nærare bearbeidde før endeleg behandling, men legg likevel saka fram til politisk avgjerd i tråd med tidlegare politiske signal om framdrift i planarbeidet.

Vedlegg til saka:

Plankart

Føresegner

Planomtale

ROS-analyse

Illustrasjonar

VA-plan

Funksjonell strandsonekartlegging

Merknadsskjema

Merknader x5

Saksframlegg med vedtak (avgrensa høyring)

Notat kartlegging marin naturmangfald

Merknadsskjema til høyring og offentleg ettersyn?

Trekking av motsegnsbrev